



OSTERØY KOMMUNE

KOMMUNEPLANEN SIN

SAMFUNNSDEL

2020 – 2030

REVIDERT 08.03.2021 | SAMSVAR MED VEDTAK I HERADSSTYRET SAK 006/21

Dato: 08.03.21

Innhald

OSTERØY KOMMUNE - BEREKRAFTIG, SKAPANDE OG HANDLEKRAFTIG	4
Om samfunnsplanen	5
Ein plan for Osterøy som samfunn og for kommunen som organisasjon.....	5
Samfunnsplanen	5
Handlingsdelen	5
Prosess og medverknad	6
Prosess	6
Medverknad	6
Premissar for planarbeidet	7
Overordna føringar og kommunal økonomi	7
Berekraftig samfunnsutvikling	8
FN sine berekraftsmål	8
Folkehelse	9
Klimaomsyn.....	9
Samfunnstryggleik.....	9
Samskaping	9
Osterøy i dag og i morgon	10
Attraktivitetsutfordringar	10
Demografiske utfordringar	10
Miljø- og klimautfordringar.....	10
Utviklingstrekk	11
Det blir fleire eldre og færre unge	11
Næringsverksemd og arbeidsplassar	12
Folkehelse	12
Osterøy skal vere ein trygg kommune å bu i	14
Osterøy skal vere ein trygg kommune å bu i for alle innbyggjarar uansett kvar dei bur i kommunen	14
Samfunnstryggleik.....	14
Trygge nærmiljø	14
Eit demensvenleg samfunn.....	14
Tenestetilbod	14
Integrering og likestilling.....	15
Gode levekår og attraktive lokalsamfunn	16
Framtidsretta og mangfaldig næringsliv	17
Målretta miljø- og klimapolitikk	18
Mål	19
Overordna mål	19
Tre sider av berekraftig utvikling	19
Korleis vi skal nå berekraftmåla	20
Arealstrategi	24
Ein berekraftig arealbrukspolitikk	24

OSTERØY KOMMUNE - BEREKRAFTIG, SKAPANDE OG HANDLEKRAFTIG

Osterøy kommune har ein sterk identitet og mange kvalitetar. Ostringen vert ofte skildra som stolt, sta og annleis. Desse eigenskapane har vorte ei drivkraft til å gje levande, bygder og gode lokalmiljø.

Ein variert natur med høge fjell og solvendte lier ut mot fjorden gjer eit variert tilbod for fritidsaktivitetar. I fruktbare daler og lier har arbeidsame ostringar rydda stein, dyrka jord og slik nytta landskapet som ein ressurs. Dette har gjeve eit unikt og verdifullt kulturlandskap.

Ei sterk dugnadsvilje gjev eit variert og levande organisasjonsliv. Det frivillige engasjementet er eit positivt særtrekk ved kommune som kjem av ei sterk lokal tilknytning og identitet. Dette er kvalitetar som gjer at dei som bur eller flyttar hit kan følgje draumane sine og skapa dei liva dei ynskjer.

Industri, husbygging og skapartrong har gjennom historia skapt verdier i kvar ei bygd i kommunen. Ostringen er entreprenør og grunder i hjarta. Når nye tider fører til at ei verksemd vert utdatert, veks det nye næring ut av det ein hadde før. Eit sterkt og innovativt næringsliv markerer seg nasjonalt og internasjonalt, og fører til ein jamn vekst i arbeidsplassar og ei høgare sysselsetting enn fylket og landet elles.

For å oppretthalde den positive utviklinga må det leggest ein plan for korleis ein skal møte utfordringar i ei verd som er i rask endring. Strengare økonomiske rammevilkår, eit klima i endring, svingande konjunkturar, heile verda som marknad og eit grunnleggande skifte til eit berekraftig samfunn vil gi utfordringar og moglegheiter for kommunen. Samstundes vil teknologiendring og aukande digitalisering vil i nær framtid påverka kvardagen til ostringane. Fleire tenester vil kunne leverast utan personleg oppmøte, og heimekontor eller nære kontorfellesskap vil gje mindre pendling. Automasjon vil kunne endra kollektivtransport og møteplassar i lokalsamfunnet. Høve til samfunnsdeltaking vert lettare tilgjengeleg, og kan bidra til sosial utjamning hos innbyggjarane.

OSTERØY2030 er ein plan som viser kva retning kommunen skal gå i og kva som er dei politiske prioriteringane. Målet er at kommunen skal medverka til at du skal forme det livet du ønskjer for deg og dine, og skapa din eigen kvardag.

Om samfunnsplanen

Ein plan for Osterøy som samfunn og for kommunen som organisasjon

Kommuneplanens samfunnsdel er verktøyet for kommunen sin heilskapelege planlegging. Samfunnsdelen skal omfatte både kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon.

Samfunnsplanen har ein tidshorisont fram mot 2030 reflekterer valperioden og nye politiske vurderingar knytt til økonomiske prioriteringar og tiltak. Det er likevel viktig å ha tankane at me planlegg for korleis Osterøysamfunnet skal møte dei store miljø- og klimautfordringane både verda og lokalsamfunna står ovanfor. Noreg har forplikta seg til å vere eit 0-utsleppssamfunn i 2050 og det skal også Osterøy vere. Det er gjennom dei langsiktige mål, strategiar og tiltak i handlingsplanar me skal arbeide oss fram mot å nå måla som Noreg har forplikta seg til å nå. Osterøy kommune har eit medansvar for at desse måla blir nådd.



Gjennom arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen legge vekt på utfordringar knytt til samfunnsutvikling og synleggjere dei strategiske val kommunen tek. Særskilt viktig er dette for sentrale samfunnstilhøve som folkehelse, barn og unge, næringspolitikk m.m. Kommuneplanen skal vidare synleggjere utfordringar, mål og strategiar for kommunen som organisasjon. Kommuneplanens samfunnsdel skal gi overordna mål for sektorane si planlegging og retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast i den kommunale verksemda.

Samfunnsplanen består av ein langsiktig del og ein del med perspektiv fire år fram i tid.


Samfunnsplanen

Dette er ein oversikt over dei utfordringane og moglegheitene kommunen står ovanfor, og kva rammer som kommunen meiner er viktige for utviklinga. Det omfattar:

- Nasjonale og lokale utfordringar for kommunen
- Overordna mål for utviklinga i kommunen
- Konkrete satsingsområde

Handlingsdelen

Oppfølging av samfunnsplanen skal skje i handlingsdelen. Plan- og bygningslova set krav om at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel. Handlingsdelen og økonomiplanen er kommunen sitt viktigaste verktøy for å sikre god økonomisk planlegging og styring. Handlingsdelen skal vise kommunen sine prioriteringar og kva kommunen skal arbeide med i løpet av dei neste fire budsjettåra eller meir. Handlingsdelen kan anten inngå som del av samfunnsdelen eller utgjere eit eige dokument i form av økonomi- og handlingsplan. Det siste gjeld for denne samfunnsplanen.



FIGUR 1 SAMFUNNSDELEN I KOMMUNEPLANSYSTEMET

Prosess og medverknad

Prosess

Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke av heradsstyret 17.06.2015. Formannskapet sette i møte 03.09.14 ned ei politisk arbeidsgruppe med ein person frå kvart politisk parti representert i heradsstyret. Arbeidsgruppa har gjennom tematiske dialogmøte med planavdeling forma overordna føringar, mål og tematisk fokus i planen samstundes som dei har sikra at planen får god politisk forankring.

Planen var oppe til 1.gangs handsaming i heradsstyret i mai 2019. Det vart samrøystes vedteke å leggje planen ut på høyring etter at vedtekne endringsframlegg vart gjort i dokumentet. Planprosessen vart like etter sett på vent til nytt heradsstyre vart valt i 2019 som følgje av at Osterøy kommune vart med i KS-prosjektet «*Samfunnsdelen som lokalpolitisk styringsverktøy*». Et viktig føremål med prosjektet er å utvikle samfunnsdelen som lokalpolitisk verktøy. Her vert særleg koplinga mellom samfunnsdelen og økonomiplanen sett i fokus i form av ein handlingsdel meir knytt opp mot dei folkevalde sine prioriteringar. Planarbeidet vart teken opp att i 2020 med det nye heradsstyret. Planen som no ligg føre er ein omarbeida og utvida versjon av planen frå 2019 der alle endringsframlegg er bakt inn i planen, saman med faglege innspel frå sektorane.

Medverknad

Medverknad i planarbeidet har vore i form av møte med eit utval relevante aktørgrupper:

- Medverknadmøte frivilligpolitikk 7. september 2017: 35 deltakar
- Ungdomsrådet : Møte 17.01.2018
- Næringsliv og organisasjonsliv: I samband med kommunereforma vart det gjennomført fleire møte med næringsliv og organisasjonsliv i 2017. Dette arbeidet var i stor grad retta mot fordelar og ulemper, og moglegheiter og trugsomål for Osterøysamfunnet (SWOT-analyse). Innspela på desse møta har vore relevante for samfunnsplanen

Premissar for planarbeidet

Overordna føringar og kommunal økonomi

Kommunal planlegging skjer ikkje uavhengig av tilhøve utanfor kommunen. Nasjonal politikk og nasjonale prioriteringar legg føringar for kommunane sitt handlingsrom og for kommunale planprioriteringar. Den globale økonomien påverkar t.d. eksportnæringar og besøksnæringar, og internasjonale klimaavtalar gir nasjonale føringar som i sin tur gir føringar til kommunane sitt handlingsrom. Den kommunale økonomien gir sterke føringar på det kommunale utviklingsarbeidet og tenestetilbodet i kommunen. Osterøy kommunane har lagt FN sine 17 berekraftsmål saman med eit folkehelseperspektiv som premissar for samfunnsutviklinga fram mot 2030.

Dette betyr at nasjonale planføringar, berekraftig utvikling og kommunale økonomiske prioriteringar set rammene for arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og annan kommunal planlegging, for ambisjonsnivået i planlegginga og for kva som vil vere mogleg å realisere i perioden.

Osterøy kommune er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og vart i 2020 melde inn i Robek-registeret etter § 28 –1 bokstav b i kommunelova. Grunngevinga for innmelding i Robek-registeret er at kommunen ikkje greidde å leggja fram ein økonomiplan i balanse. Nedgang i inntekter og dessutan ein stor auke i utgiftene i Helse , Omsorg og Sosial sektoren er hovudårsakene til dei økonomiske problema. Det er i budsjettet for 2021 budsjettert med store innsparingar , men kommunen vil likevel få eit stort underskot i 2021. Nokre av innsparingane i 2021 vil få større effekt i 2022, men ytterlegare tiltak vil vera nødvendig i 2022 og 2023 for å etablera ein berekraftig kommuneøkonomi der utgifter samsvarer med inntekter.

Berekraftig samfunnsutvikling

FN sine bærekraftsmål


Noreg har slutta seg til dei 17 *bærekraftsmåla* til FN. Dette er globale mål for bærekraftig utvikling fram mot 2030. Måla er sett på som verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og for å stoppe klimaendringane. Kommunen skal arbeide for ei bærekraftig samfunnsutvikling som tek inn over seg dei 17 bærekraftmåla.



FNs BÆREKRAFTSMÅL



Kommunen har valt å knytte planarbeidet opp mot eit utval mål som harmonerer med utfordringar kommunen står ovanfor, og dei mål og strategiar ein legg opp til for å kome utfordringane i møte. I dette ligg mellom anna bærekraftig arealforvaltning og klimatilpassing, folkehelse, trivsel og arbeide for livskraftige lokalsamfunn, sørgje for gode oppvekstvilkår for barn og unge, samt ei bærekraftig næringsutvikling. Ei slik prioritering tyder ikkje at dei andre måla ikkje er viktige eller blir teke med i vurderinga. Dei 17 bærekraftmåla utgjør ein heilskap som legg til grunn for kommunen sitt utviklingsarbeid. Prioriteringa høver godt med dei tre aspekta til bærekraftomgrepet; sosial, økonomisk og miljømessig bærekraft. Som figuren under syner, grip dei tre delane inn i einannan.



Folkehelse

Folkehelse er sentralt i ein berekraftig utvikling og utgjør ein viktig sektorovergripande og overordna premis for all kommunal planlegging. Eit folkehelseperspektiv handlar om velferd i vid forstand; med andre ord om trivsel, trygge oppvekstmiljø, gode lokalsamfunn, tilhøve til naturen og førebygging av sjukdomar og dårleg helse. Dette perspektivet skal leggjast til grunn for arbeidet i alle sektorar i kommunen. Det skal leggjast særleg vekt på barn og unge i høve til førebyggjande helse- og trivselsarbeid, samstundes som det óg er viktig å legge til rette for eit aldersvenleg samfunn.

Klimaomsyn

Klimaomsyn utgjør ei viktig premis for ei berekraftig samfunnsutvikling. Kommunen skal arbeide for ei samfunnsutvikling som reduserer utslepp av klimagassar og ha god beredskap og samfunnstryggleik. Omstilling til eit klimanøytralt lågutsleppsamfunn betyr ein langsiktig og strukturelt gjennomgripande endring i korleis samfunnet er organisert. Kommunen sin ambisjon er å vera ein kommune som er i forkant på det grønne skiftet. Klimaomsyn skal leggjast til grunn for arbeidet i alle sektorar i kommunen.

Samfunnstryggleik

Det overordna målet om sosial berekraft forutset at innbyggjarane og andre i kommunen skal ha ein trygg kvardag. Kommunen har eit særskild ansvar for *samfunnstryggleik* og å ha ein beredskap dersom uønskte hendingar inntreffer. Kommunen skal gjennom målretta arbeid unngå at uønskte hendingar skjer og skal ha ein beredskap som kan redusere skadeverknadane, dekke informasjonsbehov og ivareta innbyggjarane dersom ein uønskt hending skjer. Beredskapsmessige omsyn skal difor innarbeidast i alt planverk for arealbruk, investeringar, drift og vedlikehald i kommunen. Turvande tiltak skal integrerast i økonomiplanar og handlingsprogram med årsbudsjett. Rapportering innan beredskapsområdet skal skje i samband med den ordinære resultatrapporteringa til overordna politiske organ.

Samskaping



Samskaping utgjør ei lokal tilpassing til FN sitt 17. berekraftsmål som tek sikte på å styrke den lokale partnerskapen mellom kommunen, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar i arbeidet for ein berekraftig utvikling. Gjennom samskaping skal ein auke den lokale kapasiteten til å arbeide for ei berekraftig utvikling. I dette ligg at det ikkje berre er kommunen som utgjør ein lokal utviklingsaktør, men også lokalt næringsliv, lag og organisasjonar. Samskaping dreiar seg om å utvikle den lokale utviklingskapasiteten til å handtere vanskelege utfordringar i kommunesamfunnet ved å trekke inn kunnskap, ressursar og erfaringar frå innbyggjarar, lokalt næringsliv, lokale lag og foreiningar. Her kan skular og utdanningsinstitusjonar konkret nemnast som viktig del av ein slik lokal partnerskap. Gjennom å trekke barn og ungdom med i samskappingsprosessar kan ein leggje grunnlaget for at dei seinare i livet vil ta val som gjer at dei vert innbyggjarar i Osterøy kommune. Berekraftsatsinga «Alle vil bu på Osterøy» kan ha ei sentral rolle her.

Osterøy i dag og i morgon

Osterøy kommune står ovanfor utfordringar kommunen gjennom god og målretta samfunnsplanlegging skal freiste å kome i møte på ein god måte. Utfordringane heng saman. Kva utfordringar har me, kva kan me gjere noko med – og kva kan me ikkje gjere noko med?

Attraktivitetsutfordringar

Osterøy har mange gode kvalitetar som bu- og oppvekstkommune, og som kommune å drive næringsverksemd i. Likevel har me ei kjensle av at omverda ikkje riktig har oppdaga kommunen, verken som ein stad å bu, drive verksemd i – eller vitje. Me har såleis ein utfordring med omdømebygging og i å gjere kommunen meir attraktiv som bustadkommune, som arbeidskommune og som besøkskommune. Det er viktigare og meir realistisk å arbeide for å få utflytta ostringar til å flytte attende, enn å arbeide for nytilflytting. Ei viktig oppgåve for kommunen vil vere å leggje til rette for at dei unge vender attende til kommunen etter ferdig utdanning. Arbeidet med dette startar i barnehagen, og held fram gjennom å trekkje barn og unge med i samskapingsprosessar. Ei annan viktig oppgåve vil vere å sikre eit allsidig og berekraftig næringsliv som kan tilby eit variert spekter av arbeidsplassar med ulike krav til utdanning og kompetanse.

Demografiske utfordringar

Den demografiske situasjonen utgjør ein utfordring for kommunen. Det blir født for få, det er for liten innflytting, det er kvinneunderskot, det er færre innbyggjarar under 20 år i dag enn i 2006 og del eldre innbyggjarar vert høgare. Trøysta kan vere at det er kommunar i fylket som er langt verre stilt enn Osterøy. Stoda er uansett lite gunstig med tanke på eit framtidig berekraftig samfunn.

Færre barn og fleire eldre betyr redusert behov for barnhage- og grunnskuleplassar og auka behov for eldreomsorg og bustader for eldre og pleietrengande. Endringar i den demografiske samansettinga i kommunen vil verke inn på kommuneøkonomien på ulike måtar. Færre barn vil gje innsparingar i oppvekst- og skulesektoren, medan fleire eldre pleietrengande vil gje meir utgifter i helse- og sosialsektoren. Færre sysselsette vil gje færre skatteinntekter til kommunen. Den demografiske endringa med færre barn og unge, og fleire eldre, vil óg føre til endringar med omsyn til kvar kommunen må setje inn ressursane.

Miljø- og klimautfordringar

Klimaendring og tilpassing til endra klima er ein krevjande utfordring kommunen står overfor, og som vil prege samfunnsutviklinga framover. Endringar i klimaet vil føre til ein større risiko for uønskte hendingar, i hovudsak knytt til skred, flaum og auka havnivå. Kommunen må i si planlegging ta høgde for desse endringane, og planleggje for å minimera skade på miljø, materiell og liv og helse.


Miljø- og klimautfordringar handlar ikkje berre om klimatilpassing, men óg om ta vare på natur- og ressursgrunnlaget vårt og til å skape samhald i lokalsamfunna. Det handlar om å leggje til rette for ein arealbruk i kommunen som sikrar biologisk mangfald, tar vare på matjord og areal- og naturressursar, og landskapskvalitetar. Overgangen til eit klimanøytralt lågutsleppsamfunn betyr at kommunen må arbeide for miljøvennleg infrastruktur, sikre fortetting av eksisterande bustadområde og legge til rette for grøn næringsutvikling.

Utviklingstrekk

Det blir fleire eldre og færre unge

Ved inngangen til 2020 var det 8098 registrerte innbyggjarar i Osterøy kommune. I 2040 er det venta at det vil bu om lag 8600 i kommunen dersom utviklinga held fram som i dag. Fram mot 2040 vil det bli ein høgare del eldre over 67 år og lågare del unge under 20 år med den demografiske situasjonen som er i dag. Det vil bli behov for færre barnhage- og grunnskuleplassar, og fleire alderstilpassa bustader og auka behov for omsorgstenester. Det vil vere om lag like mange mellom 20 og 66 år i 2040 som i dag.

Osterøy kommune har hatt positiv folketalsutvikling mellom 2000 og 2018, men har etter den tid har utviklinga flata ut. Den samla folketilveksten i perioden 2000 - 2020 var på 12,4 prosent, som er lågare enn veksten i Hordaland sett under eitt i same periode. Det er aldersgruppa 65 pluss som har den sterkaste prosentvise veksten (35,8 %), medan aldersgruppa under 20 år hadde negativ «vekst» (-4 %), dvs. det er færre under 20 år busett i kommunen i 2020 enn i 2005. Aldersgruppa under 20 år utgjer i dag likevel ein større del av det samla folketallet i Osterøy enn kva aldersgruppa gjer i landet sett under eitt. Ein gjer merksam på at all folketalsframskriving er basert på høvesvis stor usikkerheit.




FIGUR 2 VENTA FOLKETALSUTVIKLING FORDELT PÅ ALDERSGRUPPER (SSB 2020, BASERT PÅ TABELL 12882)

TABELL 1 VENTA FOLKETALSUTVIKLING FORDELT PÅ ALDERSGRUPPER (SSB 2020, TABELL 12882 HOVDALTERNATIV)

Aldersgrupper	2020	2025	2030	2035	2040	Skilnad 2020-2040	Livsfase
0-5 år	588	487	490	516	545	-43	Barnehage
6-15 år	1027	1039	969	893	914	-113	Grunnskule
16-19 år	441	389	403	415	351	-90	Vidaregåande skule
20-66 år	4673	4632	4684	4714	4677	4	Yrkesaktive
67 år eller eldre	1369	1541	1741	1931	2144	775	Pensjonistar
I alt	8098	8088	8287	8469	8631	533	

Næringsverksemd og arbeidsplassar

Osterøy kommunen har eit kompetent og velfungerande næringsliv, samstundes som det er kjønnsdelt og ein har få arbeidsplassar som krev høgare utdanning. flest sysselsett innan helse- og sosialtenester (stor overvekt av kvinner og det er mykje deltid). På dei neste plassane finn ein industri (flest menn), bygge- og anleggsverksemd (flest menn), varehandel og reparasjon av motorvogner (om lag lik del menn og kvinner) og undervisning (mest kvinner).



FIGUR 3 SYSSELSETTE MED ARBEIDSPASS I OSTERØY ETTER DEI FEM STØRSTE NÆRINGSGRUPPENE I 2019. SSB

Talet på arbeidsplassar i Osterøy frå 2000 fram til i dag har vist ein svak vekst. Samla vekst frå 2000 til 2014 var på 10,3 prosent, og veksten frå 2015 til 2019 var på 5,3 prosent. Dette er ein langt svakare vekst jamført med veksten i Hordaland og i resten av landet. Offentleg sektor har hatt noko større vekst enn privat sektor sidan 2015. Sidan talet på arbeidsplassar i kommunen er lågare enn talet på arbeidskraft i kommunen, har Osterøy netto utpendling til Bergen og andre nabokommunar. Samstundes er det også innpendling frå Bergen og andre nabokommunar. I 2018 var det i følge tal frå SSB såleis 1778 personar som pendla frå Osterøy til andre kommunar og 580 som pendla frå andre kommunar/sokkelen til Osterøy. Dei fleste arbeidsreisene går mellom Osterøy og Bergen. I alt pendla rundt 37 prosent av arbeidsstokken ut av kommunen ved utgangen av 2018. Osterøy er sterkt integrert i ein felles bu- og arbeidsmarknad med Bergen og omlandskommunane.

Folkehelse

Osterøy har mange faktorar som er positive i ei folkehelseutvikling. Det er nedgang i tal arbeidslause, god psykisk helse blant innbyggjarane, lite vald, eit rikt organisasjonsliv, flott natur, god luftkvalitet og få åleinebuande. I Osterøy er det også lite meldt vald, få med psykiske lidningar, få låginntektshushald jamført med landsnittet, låg del barn av einslege forsørgjarar og få som bur trangt. Samstundes er det slik at ikkje alt er som det bør vere når det gjeld dei unge i kommunen. Folkehelsestatistikk¹ viser til dømes at det er ein stor del overvektige ungdommar jamført med fylket og landet, og dei unge er mindre nøgd med helsa jamført med fylket og landet. Det er også meir fråfall i vidaregåande skule i Osterøy jamført med fylket og landet, samt lågare meistringsdugleik i norsk og matte på 5.trinnet enn i fylket og landet.

¹ Folkehelsestatistikk frå Folkehelseinstituttet 2020.

Generelt har Osterøy kommune ein del faktorar som kan gjere at ein er meir sårbar for negativ folkehelseutvikling enn andre kommunar i Hordaland. Desse faktorene er; høgare tal innbyggjarar med grunnskule som høgste fullførte utdanningsnivå, høgare del av befolkning med låg inntekt, demografiske utfordringar, tal røykarar, lesedugleik, og mobbing i skulen. Det er også slik at unge i kommunen er lite nøgde med eigen helse, med lokalmiljøet, med busstilbodet og at det er for få møtestader.

Endringane i klima påverkar folkehelsa². Det er venta auka førekomst av naturhendingar med fare for skade på viktig infrastruktur, menneskeliv og miljø. Vidare vil både klimaendringar og endring i arealbruk truge fleire økosystem, naturtypar og artar som er viktige bidrag i matproduksjon og vasskvalitet, rekreasjon, friluftsliv, sjukdomsregulering og fleire andre økosystemtenester. Dette krev ein medveten haldning til klimaendringar, men óg til korleis kommunen kan planlegge slik at ein på kort og lang sikt til at ein unngår at klimaendringar gjer skade på menneskje og omgjevnader. Tilpassing til eit klima i endring er naudsynt, og krev sterkare fokus og større innsats framover.

Utanforskap blant unge er av dei store utfordringane i det norske samfunnet i dag. Alt for mange unge fell ut av vidaregåande opplæring, også i Osterøy, og talet på unge uføre aukar. Samstundes er det slik at eit aukande tal barn verks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Psykiske lidningar er ei viktig årsak til uføre blant unge og fråfall frå utdanning- og arbeidsliv. Omkostningane er store både for samfunnet og for dei det gjeld, samstundes som arbeidslivet mistar tilgang til naudsynt arbeidskraft og kompetanse. I eit folkehelseperspektiv er det viktig at kommunen har tilstrekkeleg fokus på utanforskap blant unge. Utanforskap kan best bli forebygd gjennom inkluderande fellesskap, tidleg innsats, med eit heilskapleg tilbod som omfattar heile barnet.

² Jfr.; Vestland fylkeskommune (2020): Folkehelseoversikt 2019-2023.

Osterøy skal vere ein trygg kommune å bu i

Osterøy skal vere ein trygg kommune å bu i for alle innbyggjarar uansett kvar dei bur i kommunen

Det overordna målet om sosial berekraft forutset at innbyggjarane og andre i kommunen skal ha ein trygg kvardag, der alle er inkluderte i lokalsamfunnet. Kommunen vil ha eit særskild ansvar for samfunnstryggleik og å ha ein beredskap dersom uønskete hendingar inntreff. Kommunen skal gjennom målretta arbeid unngå at uønskete hendingar skjer. Kommunen skal ha ein beredskap som kan redusera skadeverknadane, dekke informasjonsbehov og ivareta innbyggjarane dersom ei uønskete hending skjer.

Samfunnstryggleik

Samfunnstryggleik er eit viktig omsyn som skal takast i vare i regional og kommunal areal- og samfunnsplanlegging. Dette går mellom anna fram av plan- og bygningslova § 3-1 første ledd bokstav h), som slår fast at planar skal «fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv.» Dette får mellom anna verknad for kva område som kan byggast ut og korleis utbygging kan skje. Samfunnstryggleik skal være eit gjennomgåande tema i planlegging frå planstrategi til byggesak.

Trygge nærmiljø

Trygge nærmiljø og gode lokalsamfunn er viktig for trivsel og for å kjenne seg trygg. Både trivsel og tryggleik er viktig for god helse, samstundes som nærmiljøet og lokalsamfunnet har ulik betydning for folk. Barn (og barnefamiljar) og eldre er meir knytt til lokalsamfunnet enn kva ungdom og yrkesaktive kan vere. *Møteplassar*, både i nærmiljøet og andre stader, er viktige for trivsel og for deltaking i det sosiale livet for alle aldersgrupper. Dette krev tilgang på gode og trygge møteplassar og moglegheiter for å kome seg dit på ein trygg måte, uavhengig av alder og tilgang på privatbil.

Eit demensvenleg samfunn

Osterøy kommune har vedteke å verte eit demensvenleg samfunn. Dette er eit omfattande og sektorovergripande arbeid som rører ved mange sider av samfunnslivet. Særskilde omsyn må takast i plan- og reguleringsarbeid, opplæring av kommunalt tilsette og samarbeid med lag/organisasjonar og andre samfunnskritiske funksjonar.

Tenestetilbod

Kommunen sine innbyggjarar skal vere sikra gode, kommunale tenester i alle livet sine fasar. Det skal gje tryggleik å vite at kommunen har eit tenestetilbod tilpassa den einskilde.

Osterøy kommune ser at menneske som har behov for helse og omsorgstjenester ikkje er like. Alle må vurderast individuelt, og tenestetilbodet må tilpassast den einskilde. Tenestetilbodet må spegle den einskilde sitt behov innan lovpålagde rammer og kommunen sine ressursar. Del eldre i befolkninga er aukande og krev kapasitet og tilpassar tenester for å dekkje behovet. Gjennom å ta i

bruk velferdsteknologi kan kommunen skape ein tryggare og enklare kvardag både for brukarar, pårørande og omsorgspersonell.

Integrering og likestilling

Eit inkluderande, likestilt og mangfaldig samfunn er kulturelt betinga og byggjer på verdiar som respekt og toleranse for det som er annleis enn oss sjølve og at ingen vert ekskludert. Å kjenna seg som ein del av eit fellesskap er viktig for alle, men born er særleg sårbare for einsemd og det å bli ståande utanfor. Dette har store ringverknader for dei borna og unge det gjeld, men og for samfunnet. Aksept og toleranse er vorte eit viktig tema i notida og ein antar det vil bli enda viktigare i framtida. Å vere inkludert gjev tryggleik.

Gode levekår og attraktive lokalsamfunn



Sosial berekraft omfattar folks livsvilkår, arenaer i kvardagslivet, kvalitetar i lokalsamfunnet, og miljømessige, økonomiske og sosiale rammevilkår. Ei slik avgrensing samsvarar med eit folkehelseperspektiv på samfunnsutvikling. Folkehelse handlar om alle faktorar som har ein

verknad for innbyggjarane si helse, inkludert førebygging av dårleg helse. Dette er meir enn fysisk aktivitet. Medverknad i arbeidsliv, utdanning, oppvekstmiljø, deltaking i samfunnet og moglegheit til å påverka sitt eige liv er viktige moment som bidreg til livskvalitet. God helse og livskvalitet er mål i seg sjølv, men er òg ein føresetnad for utvikling av lokalsamfunna i kommunen. Folkehelse og velferd heng saman på fleire måtar, til dømes gjennom at god helse som regel også gir gode levekår og god velferd – og omvendt. Har ein god tilgang på faktorar som medverkar til gode levekår så har ein gjerne god helse også.

Trivsel i skulen følgjer ein skala der det er skilnad i kven som trivst og kven som ikkje trivst. Blant dei som bur i familiar med låg sosio-økonomisk status er det i følgje Statistiske sentralbyrå dobbelt så mange som ikkje har det godt på skulen, samanlikna med dei som bur i familiar med høg sosioøkonomisk status. Manglande trivsel handlar både om skulen som læringsarena og som sosial arena, men òg om korleis barn og unge har det heime.

Kommunedelplanen for oppvekst 2019-2023 utdjupar mange av dei utfordringane kommunen står ovanfor med omsyn til velferd og folkehelse. Mellom anna har kommunedelplanen følgjande målsetting knytt til skule: Osterøy kommune skal medverka til at born, ungdom og unge vaksne på Osterøy utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og evne til omstilling for å leva eit godt liv som individ og medborgar. Samfunnsplanen legg same målsetting inn som delmål for å streke under kor viktig dette målet er. Skulen må her mellom anna arbeide med å heve meistringsnivået i norsk og matematikk. I dette arbeidet er det viktig at skulen har tilstrekkeleg kvalifisert undervisningskompetanse.

Med fleire eldre vil universell utforming av samfunnet og nærmiljøet bli enda viktigare. Det som gjer kvardagen enklare og meir tilgjengeleg for menneske med nedsett funksjonsnivå, er gjerne også bra for andre grupper i samfunnet som eldre og små barn. Varierte bustadmiljø gir folk moglegheit til å skifte bustad etter behov, utan å skifte nærmiljø. Varierte bustadmiljø med blanda befolkning er også positivt for samfunnet.

Folk flest brukar mesteparten av liva sine i nærmiljøet der dei bur. Bustadområda og nærmiljøet må av den grunn ha gode kvalitetar i form av ein trygg infrastruktur og med varierte uteområde som innbyr til aktivitet. Nye bustadar må etablerast slik at kommunen målretta stør opp om eksisterande grender. Me ynskjer å sikre levedyktige områdesenter med varierte og sterke tenestetilbod.

Framtidsretta og mangfaldig næringsliv



Økonomisk berekraft handlar om å bruke ressursane på ein slik måte at dagens økonomiske utvikling ikkje går på kostnad av framtidig økonomisk utvikling. For kommunen sin del gjeld det å tilpasse ressursbruken i

kommuneorganisasjonen til dei økonomiske rammene som til ei kvar til ligg føre, men óg legge til rette for kommunesamfunnet har full sysselsetting, trygge arbeidsplassar og anstendig arbeid for innbyggjarane. Kommunen skal ha større fokus på seg som verksemd og samfunnsaktør, og kva me kan gjere for redusere vårt globale fotavtrykk. Reduksjon av forbruk gjev ikkje berre ein miljømessig gevinst, men også økonomisk. Dette gjer at kommunen kan bruke desse pengane på andre viktige tenester.

Eit lønsamt og nyskapande næringsliv er ein føresetnad for samfunnet si offentlege og private velferd. Det er i dag stor breidde i sysselsettinga i kommunen med mange små og mellomstore bedrifter, og låg arbeidsløyse. Dette er ein styrke for Osterøy og skapar økonomisk tryggleik og moglegheiter for deltaking i arbeidslivet for dei aller fleste. Samstundes ser me at kommunen har få arbeidsplassar for dei med høgare utdanning, og at arbeidsmarknaden er prega av sterkt kjønnsdelte arbeidsplassar. Dette kan verke uheldig med tanke på tilflytting og rekruttering.

Kommunen har ei viktig rolle for å legge til rette for næringsutvikling, spesielt med omsyn til eigna og attraktive areal. I Osterøy må ein ta utgangspunkt både i kva ein har av næringar og kva potensiale desse har for å utvikle seg i grøn retning, men også arbeide for å trekke nye næringar til kommunen. For Osterøy kan det vere naturleg å tenke å satse meir på berekraftig mat frå sjø og attvinning av råstoff, nye verksemder innan helse,- og miljøteknologi. Osterøy har høg kompetanse og mange moglegheiter i utvikling av mekanisk industri og bruk av robotteknologi. Grøne energiløysingar er eit anna felt der Osterøy kan spele ei viktig rolle. Eit grønt og berekraftig reiseliv har mange moglegheiter på Osterøy, den grønne øya. Potensialet er stort men krev innsats, samarbeid og vidare utvikling for å lukkast.

Dei globale klima- og miljøutfordringane krev omstilling til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innan naturen si tolegrense. Det må skje ein overgang til produkt og tenester som gir mindre negative konsekvensar for klima og miljø enn i dag. Samfunnet må gjennom eit grønt skifte. Eit slikt skifte byr samstundes på nye moglegheiter for verdiskaping. Eit grønt skifte inneber mellom anna eit skifte i måten å tenke produksjon og økonomi på ved at all produksjon skal skje innanfor rammene av ein berekraftig utvikling der utslepp, energiforbruk og materialbruk står sentralt. All næringsverksemd, både privat og offentleg, skal skje innafør rammene av berekraftig utvikling.

Kommunen si rolle vil her vere å leggje til rette for ein grøn næringsutvikling, til dømes gjennom å stimulere til at verksemdene gjer grønne val, arbeide for lokale tiltak for alternativ materialbruk og lokal energiproduksjon. Kommunen må også leggja til rette for aktørar som vil utvikle grønne reiselivsprodukt. Osterøy treng fleire attraktive besøksnæringar, og då helst basert på lokal kultur og natur. Framtidsretta verksemder er lik «grønne» verksemder.

Målretta miljø- og klimapolitikk



Målsettinga om ein *målretta miljø- og klimapolitikk* tyder at kommunen skal arbeide for å nå nasjonale og regionale miljø- og klimamål gjennom målretta strategiar og tiltak.

Osterøy kommune må forvalte areal, kulturmiljø, naturmangfald, landbruksverdiar og jordressursar slik at det ikkje øydelegg framtidige innbyggjarar i Osterøy kommune sine moglegheiter for tilgang til desse. Dette arbeidet må ein sjå både i eit langsiktig perspektiv og i eit kortare handlingsprega perspektiv. Kommunen sin miljø- og klimapolitikk skal vere i samsvar med mål og strategiar i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og i komande miljø- og klimaplanar frå Vestland fylke.

Osterøy kommune har eit sjølvstendig ansvar for å ta vare på naturgrunnlaget vårt og arbeide for ein miljø- og arealpolitikk som er i samsvar med internasjonale og nasjonale miljømål. Dette ansvaret må me forvalte gjennom målrette miljø- og klimapolitikk utifrå våre lokale føresetnader. Det vil mellom seie at me må setje inn tiltak og verkemiddel der det er størst sjanse for å oppnå gode resultat, samstundes som me også tek vare på dei velferdsmåla og næringsmåla me har sett oss. Dette handlar om å balansere dei tre berekraftdimensjonane på ein god og ansvarleg måte. Kommunen må ha ein strategi for klimaomstilling slik at vi på alle samfunnsnivå tek inn det overordna målet om eit klimanøytralt samfunn. Teknologi åleine kan ikkje bidra til at kommunen når dette målet. Målretta samfunnsplanlegging og endra forbruksmønster må også til. Kommunen si oppgåve er å gå føre med eigen organisasjon og å setje rammer for kommunen som heilskap.

Arealforvaltning er ein av dei viktigaste verkemidlane kommunen har for å skape attraktive lokalmiljø, fremje landbruk og skogbruksnæringa, ivareta naturmangfald og legge til rette for verdiskaping. Gjennom planlegging kan kommunen gje innbyggjarane moglegheit til å ta *miljøvennlege val* ved å lokalisera bustadområde, næringsareal og bygge opp under lokalsentra i kommunen.

Reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til eit endra klima er ein av dei større utfordringane som kommunen må jobbe for å løyse i tida framover. Overgangen til eit klimanøytralt lågutslepps-samfunn betyr at kommunen mellom anna må ha fokus på miljøvennleg infrastruktur, natur- og miljøvennleg arealbruk, og legge til rette for grøn næringsutvikling. Dei største klimautsleppa i kommunen kjem frå jordbruk, transport og deponiverksemd. Desse områda må ha særskild fokus når det skal utarbeidast strategiar for å redusera klimagassutsleppa. Tiltak for å redusera *klimagassutslepp* må leggest til grunn i heile kommunen si forvaltning. Eit viktig føremål med *klimatilpassing* å sikre kommunesamfunnet mot uønskte hendingar som ras og flaum.

Mål

Overordna mål

Tre sider av berekraftig utvikling

Osterøy kommune skal vera ein føregangskommune for berekraftig samfunnsutvikling. Dersom kommunen skal makte å etterleve dette, vil det krevje innsats både frå kommunen som organisasjon og frå innbyggjarane i kommunen. Ei berekraftig samfunnsutvikling tek utgangspunkt i FN sine 17 berekraftsmål som Noreg har gitt tilslutning til og som kommunane skal iverksette etter beste evne lokalt.

Osterøy kommune har valt å knyte det overordna berekraftsmålet til treeininga miljømessig berekraft, sosial berekraft og økonomisk berekraft. Ei slik tredeling harmonerer godt med fokusområda til kommunen som er knytt til berekraftig arealforvaltning og klimatilpassing, folkehelse og velferd, og verdiskaping og økonomisk vekst innanfor rammene av berekraftig utvikling. Utfordringa vil vere å oppnå ein vinn-vinn-situasjon som gjer at miljømål, velferds mål og økonomiske mål står opp ein annan og drar i same retning. Korleis planlegge for å få størst mogleg reduksjon i klimagassutslepp og samstundes stø opp om velferds mål og størst mogleg økonomisk samfunnsnytte?

Visjonen og dei overordna berekraftsmåla er utarbeide i politiske arbeidsmøte i 2017 og vart vedtekne i heradsstyremøte i mai 2019. Delmål og strategiar er dels basert på dei politiske arbeidsmøta, dels baserte på nasjonale berekraftsmål og strategiar.

Visjon: Osterøy kommune skal vera ein føregangskommune for berekraftig samfunnsutvikling		
Overordna målsetting om miljømessig berekraft	Overordna målsetting om sosial berekraft	Overordna målsetting om økonomisk berekraft
Osterøy kommune skal forvalte areal i eit langsiktig perspektiv og til det beste for fellesskapet, og arbeide for reduksjon av klimagassutslepp og klimatilpassing i all forvaltning og i alle vedtak	Osterøy kommune skal ha ein systematisk og heilskapleg innsats for å gje innbyggjarane gode kvardagsliv i trygge omgjevnadar	Osterøy kommune skal arbeide for berekraftig økonomisk vekst i kommunen, og leggja til rette for verdiskaping innaføre rammene av miljømessig og sosial berekraft
Mål 1	Mål 2	Mål 3
Målretta miljø og klimapolitikk	Gode levekår og attraktive lokalsamfunn	Framtidsretta og mangfaldig næringsliv

Korleis vi skal nå berekraftmåla

Osterøy kommune sine overordna mål fram mot 2030 er knytt til miljømessig berekraft, sosial berekraft og økonomisk berekraft. Dei tre berekraftmåla gjev overordna føringar for tre delmål knytt til miljø, velferd og økonomi. Delmåla er i sin tur konkretisert i konkrete mål – «slik vi vil ha det», med strategiar for korleis vi skal arbeide for å nå måla innan 2030.

Mål knytt til ulike sider av miljø vil såleis få innverknad på velferd, folkehelse og næringsutvikling. Eit berekraftig samfunn må vere klimavenleg, og ta vare på natur- og ressursgrunnlaget, samstundes som det må ha livskraftige lokalsamfunn og eit næringsliv som både gir verdiskaping og arbeidsplassar. Konsentrert utbygging i små og store sentra kan medverke til å redusere transportbehovet i kommunen. Dette kan føre til mindre utslepp av klimagassar og kan gje kortare reisetid for innbyggjarane til viktige reisemål. Ei konsentrert utbygging vil også vere økonomisk gunstig ved at ein bygger i tilknytning til eksisterande infrastruktur, og ein let vere å bygge ned arealressursar. Det er såleis mykje å vinne på å fortette og bygge i tilknytning til eksisterande busetjing. Ei innvendig mot denne strategien kan vere at han fremjar sentralisering på kostnad av eit desentralisert busetjingsmønster med «vekst i alle grender» som det har vore tradisjon for i kommunen.

Ein vesentleg føresetnad for at konsentrert utbygging skal medverke til redusert transportbehov er at dei aktuelle sentra inneheld både bustader, arbeidsplassar, tenester og møtestadar slik at meir av daglege behov kan dekkjast lokalt og arbeidsreiser vert kortare. I Osterøy kan ein ikkje vente at tettstader som Lonevåg, Valestrand og Haus skal vere fullt ut dekkja med lokale arbeidsplassar og tenester slik at dei som bur der kan gå eller sykle til arbeid eller teneste. Folk bur gjerne ein stad og arbeidar ein annan stad, og gjer kanskje innkjøp og bruk av tenester ein tredje stad. Osterøy er del av ein felles regional bu- arbeidsmarknadsregion der folk gjerne bur i ein kommune og arbeidar i ein annan. Dette skapar biltrafikk sidan bussen går sjeldan og kanskje ikkje dit folk ønskjer å reise, noko som lett fører til at folk vel bilen av praktiske grunnar. Om dei då har tilgang på bil eller sjåfør. Bruk av eigen bil er i dag det vanlege i Osterøy for små og store ærend uansett kor ein bur i kommunen, og er i stor grad knytt opp mot eit godt kvardagsliv. Dette er ei utfordring vi må arbeide for å finne gode løysingar på som både tek i vare miljømål, velferds mål og økonomiske mål.

Mål knytt til miljø- og klima, levekår og attraktive lokalsamfunn, og ein berekraftig næringsutvikling er utarbeida med utgangspunkt i politiske arbeidsmøte og innbyggarmedverknad. Nasjonale føringar knytt til miljø, berekraft og folkehelse har lege som viktige premisser for dei politiske arbeidsmøta og blir i stor grad spegla i dei mål, delmål og strategiar ein finn i planen. Mål, delmål (slik vil vi ha det) og strategiar (slik vil vi gjere det) er vist i tre tabellar på dei neste sidene.

Ny teknologi kan medverke til å nå berekraftsmål gjennom å legge til rette for smarte og berekraftige løysingar. *Velferdsteknologi* er ei fellesnemning på tekniske installasjonar og løysingar som kan betre den einskilde si evne til å klare seg sjølv i eigen bustad, og medverke til å sikre livskvalitet og verdigheit for brukaren. Kommunen må klarstille kva som finst av velferdsteknologi og utgreie behovet for å ta dette i bruk. Det kan, som ei følgje av dette, vere eit stort potensial for næringsutvikling i kommunen knytt til utvikling og produksjon av ulike former for velferdsteknologi og helsetenester i heimen, aldersvenlege bustader, transportløysingar og kunnskap om ein aktiv alderdom med god helse.

Mål: Målretta miljø- og klimapolitikk

Osterøy kommune skal drive ein målretta miljø- og klimapolitikk, og vere ein klimatilpassa kommune. Kommunen lokalt må forvalte areal, kulturmiljø, biologisk mangfald, landbruksverdiar og jordressursar slik at det ikkje øydelegg framtidige innbyggjarar i Osterøy kommune sine moglegheiter for tilgang til desse. Dette skal skje i samsvar med kriteria for berekraftig utvikling.

Slik vil vi ha det	Slik vil vi gjere det
Osterøy kommune skal vera ein klimatilpassa kommune	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen skal gjennom sitt klimatilpassingsarbeid sikre innbyggjarane trygge lokalsamfunn Kommunen skal leggje fylkeskommunale og nasjonale mål og retningslinjer til grunn i utarbeiding av mål og strategiar
Osterøy skal vere ein føregangs-kommune i ivaretaking av arealressursar	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen sin arealbruksstrategi skal legge til grunn for all bruk av arealressursar. Dette omfattar m.a.: <ul style="list-style-type: none"> -Vern om biologisk mangfald -Vern av dyrkbar jord -Vern av naturtypar
Osterøy kommune skal vera fossilfri i 2030	<ul style="list-style-type: none"> Alle kommunale køyretøy skal ha nullutslepp innan 2030, der det er mogleg Det skal utarbeidast ein strategi for korleis få ned klimautsleppa i kommunen (Klima- og energiplan)
Klimagassutslepp frå vegtrafikk i Osterøy skal reduserast med 80 % innan 2030 i høve til 2020.	<ul style="list-style-type: none"> Legge til grunn kommunen sin arealbruksstrategi ved bustad- og næringsutbygging Greie ut moglegheita for bruk av ekspressbussruter med kort reisetid til målpunkt i Bergen Leggje til rette for meir bruk av elbil
Klimagassutslepp frå anlegg- og byggeverksemd i Osterøy skal reduserast med 80 % innan 2030 i høve til 2020.	<ul style="list-style-type: none"> Vurdere krav om bruk av biodiesel på anleggsmaskiner Setje krav til entreprenørar om utslepp frå anleggs-maskiner
Alle kommunale bygg skal vere Miljøfyrtårn sertifisert innan 2025	<ul style="list-style-type: none"> Sikre tilstrekkelege ressursar til dette arbeidet i perioden
Kommunale bygg skal vere energieffektive	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen skal arbeide for at 50 % av dei kommunale bygga skal vere energieffektive i høve til gjeldande mål innan 2030 Kommunen skal leggje Miljøfyrtårnsertifisering til grunn i dette arbeidet
Kommunale innkjøp skal vere grønne	<ul style="list-style-type: none"> Osterøy kommune skal gjennom innkjøpssamarbeid med Bergen kommune sikre miljøvenlege og etiske verdige innkjøp Osterøy kommune skal gjennom Miljøfyrtårnsertifisering sikre innkjøp av grønne tenester og varer innan 2025 Før det vert gjort kommunale innkjøp, skal gjenbruk og/eller reparasjon av eksisterande materiale vere vurdert. Der det er tenleg skal det òg vurderast å kjøpe brukt.
Vi skal ha ei bustadutbygging som reduserer nedbygging av arealressursar og står opp under eksisterande lokalsamfunn	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen sin arealbruksstrategi skal leggjast til grunn ved bustad- og næringsutbygging Utbygging og/eller fortetting i sentra og i eksisterande bygde område skal prioriterast framfor spreidd bustadbygging

Mål: Gode levekår og attraktive lokalsamfunn

Innbyggjarar i alle aldrar og med ulike føresetningar skal ha moglegheit til eit godt og trygt kvardagsliv

Slik vil me ha det	Slik vil me gjere det
Osterøy kommune skal leggje til rette for gode fysiske og sosiale oppvekstmiljø for born og ungdom	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeida for eit effektivt kollektivtilbod i kommunen • Arbeida for å ha sikre vegar for born og unge • Skapa gode møte- og leikeplassar • Ved alle nye bustadområde skal det sikrast uteareal, leikeområde og eit nærmiljø med høg kvalitet
Osterøy kommune vil at born, ungdom og unge vaksne utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og omstillingsevne for å leva eit godt liv	<ul style="list-style-type: none"> • Leggje til rette for at born og unge frå barnehagealder til vidaregåande skule får kompetanse og mot til å kunne løyse komplekse samfunnsutfordringar (og dermed gjere born og unge i stand til å bli kompetente framtidborgarar) • Tidleg innsats på tvers av avdelingane Fokusere på grunnleggjande dugleik i lesing, rekning, engelsk og digital kompetanse i helsefremjande læringsmiljø • Styrke og vidareføre arbeidet med førebygging og tverrfagleg samarbeid i kommunen, slik at barn og unge får tidlegare hjelp. Dette arbeidet krev samarbeid på tvers av tenester, sektorar, samt næringsliv og frivillig sektor • Ha nullvisjon for mobbing i barnehagar og skular
Kommunen skal leggje til rette for at innbyggjarane kan ta aktivt del i og bli involvert i samfunnsutviklinga	<ul style="list-style-type: none"> • Ha eit nært og likeverdig samarbeid med innbyggjarane • Fremje friviljugheit og deltaking ved å mobilisere ressursar i lokalsamfunnet • Leggje til rette for leik, idrett, aktivitet, kulturtilbod, naturopplevingar og fritidstilbod • Gje innbyggjarane moglegheit til å bu trygt i eigen heim så lenge som mogeleg • Leggje til rette for at barn og unge får medverke i aktuelle planprosessar og andre samfunnsutviklingsprosessar • Arbeide for at bustadsosiale behov vert teke i vare i all planlegging • Leggje til rette for eit aldersvenleg samfunn • Leggje til rette for bruk av velferdstenester
Kommunen skal leggja til rette for aktive innbyggjarar og for at desse skal kunne ta ansvar for eiga helse	<ul style="list-style-type: none"> • Folkehelse skal vera eit vurderingskriterium i alle kommuneplanar

Mål: Osterøy skal ha eit framtidretta og mangfaldig næringsliv innanfor rammene av ein berekraftig utvikling

Berekraftig økonomisk vekst i harmoni med sosial og miljømessig berekraft

Slik vil me ha det	Slik vil me gjere det
Osterøy skal ha framtidretta verksemdar og fleire arbeidsplassar for dei med høgare utdanning	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen og Osterøy utvikling må gjennom samarbeid og prosjekt fremje grøn næringsutvikling • Kommunen og Osterøy utvikling må gjennom samarbeid og prosjekt arbeide for å få fleire arbeidsplassar til dei med høgare utdanning
Osterøy skal vere ein næringsvenleg kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen skal vere positiv til næringsetablering • Kommunen skal leggje til rette for næringsetablering gjennom bruk av næringsareal avsett i KPA eller i tilknytning til eksisterande næringsmiljø • Kommunen skal vere ein dialogpartner med omsyn til næringslivet sine utfordringar • Kommunen skal medverke til at eksisterande levedyktige verksemdar får rom til ekspansjon
Leggje til rette for at unge blir verande i kommunen etter ferdig utdanning	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen og næringslivet må samarbeide om tiltak for korleis sikre unge relevant arbeid • Kommunen skal etablere Ungt Entreprenørskap i samarbeid med Osterøy vidaregåande skule, ungdomsrådet og Osterøy ungdomsskule

Arealstrategi

Ein berekraftig arealbrukspolitikk

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gje overordna føringar og mål for kommunens sine prioriteringar og utvikling i planperioden. Dette gjeld også bruk og forvaltning av areal. Arealstrategien gir føringar for den overordna arealbruken i Osterøy kommune slik denne er vist i gjeldande arealplan (KPA).

Det er venta redusert folketilvekst framover mot 2040, og det er venta færre barnefamiljar og fleire eldre. Den framtidige demografiske samansetjinga vil verke inn på både bustadbehovet og kva slag bustader som vert etterspurd. Kommunen vil slik situasjonen er i dag ha tilstrekkeleg med ledig bustadareal i eksisterande reguleringsplanar, både i komande planperioden og fram mot 2030. Framskrivinga av bustadbehovet i Osterøy i førre planstrategi (2016-2020) syner ein stor venta etterspørsel etter einestader som følgje av folketalsvekst. Folketalsveksten er i dag justert ned og det gir også verknader for etterspurnad og trongen for nye bustader. Planstrategien for 2020-2024 la til grunn eit trendsifte i planlegginga med auka krav til fortetting, samstundes som bustadbehovet ikkje vert så stort som antatt grunna lågare bustadbehov som følgje av redusert folketalsutvikling. Osterøy kommune har stort sett ein bustadsstruktur som består av einestadar (79 %) og gardsbruk. Berre 3 % av bustadmassen er blokkleilegheiter. Det er behov for fleire leilegheiter og småhus i ei tid der fleire og fleire bur store deler av livet alene.

Osterøy kommune skal leggje til rette for bygging i alle bygder der det er etablert kommunal infrastruktur. Storparten av bustadbygginga vil kome i felt, og då i første rekke i tilknytning til eksisterande bustadfelt og sentra. Bustadmassen vil i hovudsak vere i form av konsentrerte bustadformer. Kommunen har i dag fleire regulerte bustadområde som ikkje blir bygd ut mellom anna av di rekkjefølgjekrava er for store til at det blir lønnsamt. For å sikre at det skjer utvikling i bygdene må desse områda vurderast å gjerast om til LNF spreidd område.

Osterøy kommune har i dag fleire regulerte næringsområde som utgjer tilstrekkeleg arealreservar for næringsareal i planperioden gitt dagens situasjon. Fleire av næringsområda, mellom dei Espevoll, ligg nær eller i tilknytning til fylkesveg 566. Næringsareal knytt til sjø vil óg bli særskild viktig for øya Osterøy framover, samstundes som sjøen på nytt vil bli ei viktig transportåre. Ein slik tankegang er i samsvar med fylkeskommunen sin utviklingsstrategi som viser til behova i regionen for næringsareal knytt til sjø for grønne næringar, maritim næring og marin næring.

Der andre viktige utviklingsføremål gjer det uunngåeleg å bygge ut på matjord, skal jordressursane takast vare på og brukast til å etablere ny eller forbetre allereie eksisterande matjord innad i kommunen.

Ein må skilje mellom framtidig næringsetablering og etablerte, ofte familiedrevne verksemder med forankring i sine respektive lokalsamfunn. Nye verksemder bør i hovudsak lokaliserast til regulerte næringsområde. Veletablerte verksemder med sterk lokal tilknytning må så langt som mogleg få høve til å utvide areala sine der dei ligg. Det er viktig for Osterøy og for lokalsamfunna at tradisjonsrike og

vellukka verksemdar kan halde fram med å vere lokalisert der dei er i dag. Kommunen må leggje til rette for at dei får denne moglegheita.

For å sikre levedyktige områdesenter med variert og sterke tenestetilbod, må hovudvekta av framtidig utvikling kome i aksen mellom Lonevåg – Valestrand – Haus. Fotlandsvåg skal vere områdesenter som gjev eit sentrum nord i kommunen.

Arealstrategien er sett saman av ein generell strategi, område for bustader, område for næring og område for fritidsbustader. Arealstrategien vil gje føringar all arealbruk i kommunen i planperioden.

Generell arealstrategi

- Berekraftsomsyn skal leggjast til grunn for all arealbruk i kommunen
- Osterøy kommune skal gjennom arealplanlegginga byggja opp under eksisterande sosial og teknisk infrastruktur, og søkje effektive løysingar for å samordne arealbruk og kommunikasjon.
- Osterøy kommune skal halde fram med eksisterande senterstruktur og vidareutvikle denne med Lonevåg som kommunesenter, og Haus, Valestrand, Hauge og Fotlandsvåg som lokale sentra. Offentlege tenestetilbod skal i all hovudsak leggjast til desse sentra
- Osterøy kommune skal leggje til rette for vekst i tilknytning til eksisterande kommunesenter, lokale sentra og bygder, og gje høve for utviding for eksisterande næringsverksemd
- Osterøy kommune skal gjennom arealplanlegginga sikre tilgang til strandsona og til verdifulle natur- og kulturlandskap for ålmenta
- Det skal avsetjast naudsynt areal til offentleg infrastruktur i samband med nye byggeområde.
- Hovudtyngda av bustadbygginga skal skje i regulerte område i tilknytning til kommunesenteret, lokale sentra og bygder
- Kommunen skal i størst mogleg grad fremje fortetting i kommunesenter, områdesentra og bygder

Område for bustader

- Hovudtyngda av bustadbygginga skal skje i regulerte område i tilknytning til eksisterande kommunesenter, lokalsentra og bygder.
- I rullering av arealdelen skal regulerte bustadområde i visse område av kommunen vurderast omgjort til LNF-spreidd for å styrke bygdeutviklinga
- Osterøy kommune skal sikre gode bumiljø for innbyggjarar i alle livsfasar, og gjennom arealplanlegginga skal kommunen stimulera til auka differensiering i bustadmarknaden med omsyn til storleik, pris og eigedomstilhøve.
- Kommunen skal i størst mogleg grad fremje fortetting i kommunesenter, områdesentra og bygder, og i tillegg ta i bruk nytt byggjeland etter behov.
- I sentrumsområde i kommunesenter og lokalsentra kan det leggjast til rette for kombinasjon bustad/forretning.

- Ein skal gjennom arealplanlegginga leggje til rette for differensiert byggjetettleik i LNF-spreidd område, og skilje mellom LNF-spreidd og LNF-spreidd tiltenkt gardstilknytt klyngetun.
- Gjeldande kommunedelplan for landbruk legg føringar for bygging i LNF-område.

Område for næring

- Kommunen skal gjennom arealplanlegginga leggje til rette for at lokalt næringsliv skal kunne utvide verksemda gjennom transformasjon og utnytting av tilstøytande areal. Etablering skal skje i tilknytning til eksisterande infrastruktur.
- I sentrumsområde i kommunesenter og lokalsentra kan det leggjast til rette for kombinasjonen bustad/forretning.
- Kommunen skal gjennom arealplanlegginga stimulere til etablering av reiselivsrelatert næringsverksemd.
- Osterøy kommune skal ha eit aktivt og levande landbruk som legg til rette for bruk av lokale ressursar der dyrka mark vert tatt vare på for lokal matproduksjon, men og for å ta vare på kulturlandskapet og sikre matjord frå nedbygging.

Område for fritidsbustader

- Kommuneplanens arealdel skal prioritere feltvis utbygging av fritidsbustader, og utbygging i nærleik til eksisterande infrastruktur.
- I planlegginga av nye område for fritidsbustader skal ein sikre offentleg tilgang til strandsona og til verdifulle kultur- og naturlandskap.

